



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 351.40

Sak nr 2/2014

Møtedato: 15.1.14

Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

Elgjakt – utleigesystem og feltinndeling

Elgjakta har vore leigd ut på 4 år og elgjakta skal lystast ledige 1. april 2014. Allmenningen har siste periode vore leigd ut i 5 felt: 2 til utanbygds og 3 til innanbygds.

I 2010 var kommentar til forskrift om utleige av elgjakt endra om fordeling av innanbygds-utanbygdsbuande. Trass i denne endringa har t.d. Engerdal tolka forskrift på ein annan måte enn det vi har og halde fram med 100% innabygdsbuande. Norges fjellstyresamband støttar denne tolkinga. Det er derfor mulig at vi kan gå tilbake til 100% fortrinnsrett for innanbygds i neste periode.

Allmenningen er vart delt i 5 felt i staden for 4 felt då det i 2010 vart innført ei 60/40 fordeling mellom innanbygds og utanbygds. Om fjellstyret går tilbake til 100% fortrinnsrett for innabygds, bør ein også gå tilbake til 4 felt som tidlegare. Ut frå storleik på felt vore det beste om ein kunne ha berre 3 felt, men det blir færre lag som får jakte på denne måten.

Vi har i dag kontrakt som gjeld for 4 år. Dette betyr at det går 4 år mellom kvar gong jaktlag kan søkjer på jakt. Det kan derfor vera aktuelt å ha eitt felt som gjeld for to år. Ein kan ruller kva felt som skal vera på to år kvart fjerde år.

Vestre Slidre jeger- og fiskarlag har i brev datert 8.1.14 gjeve følgjande uttale:

Antall jaktfelt i statsallmenningen reduseres til 4 felt: Bjødnhøvd, Trøllhøvd, Baklie/Kinnhølt, Bukono/Jaslangen. En bør vurdere å innlemme området mellom Nestisvatnet og Grønsenn i jaktfeltet Trøllhøvd

Alle 4 jaktfelt bør lysas ut som jaktfelt med fortrinnsrett for innenbygds jegere. Tre av jaktfeltene bør lysas ut for 4 år. Det 4. feltet lysas ut for 2 år. Det vil være naturlig med en rullering av feltet som leies ut for 2 år.

Forslag til vedtak:

Fjellstyret vedtek å lyse ut elgjakt i fire felt med 100 % fortrinnsrett til innanbygds, der tre felt blir lyst ut for 4 år og eitt felt for 2 år. Feltet som skal lysast ut for to år skal rullerast.

Felta som skal lysast ut blir: Bjødnhøvd med grenser som i dag, Baklie/Kinnhølt med grenser som i dag, Bukono/Jaslangen og Trøllhøvd. For dei to siste felta blir grensa justert slik at området mellom Nestisvatnet og Grønsenn går inn i feltet Trøllhøvd.

Vedtak:

Forslaget til vedtak vart samrøystes vedteke med følgjande tillegg: Feltet Bjødnhøvd blir lyst ut for 2 år.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 16.1.2014

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre jeger- og fiskarlag